

Referat

STYREMØTE NR.5 i ØIL – 17.09.2012

Møte		Referat	
Dato	17.09.2012 kl. 1900	Deltakarar	Trude Torvund / konstituert leiar og kasserar Per Dysterud / nestleiar Rune Vik/ skrivar Øystein Roe Sundøy / styrelem Lillian Kvamsøy/ HC-gruppa Roger Vassnes/ fotballgruppa
Stad	Holmatun	Forfall	Sonja Fagerheim/ styrelem Jan Tore Alvsaker/ styrelem Åshild Bekkesletten/ 1. vara Leiv Sandven/ trimgruppa
Referent	Rune Vik	Kopi	Olav Kreken/ orientering
Neste møte	torsdag 18.10.2012 kl. 1800		

Nr	Sak	Frist	Ansvar oppfølging
5.1	Saker		
.1	<p><u>Øystese-trimmen og open hall – sluttavklaringar</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Tidspunkt: Søndag 23.09.2012 <p>a) Øystese trimmen – frå kl. 1100 til kl.1330</p> <ul style="list-style-type: none"> - Avtale med Øystese hjelpekorps (May Helen Rykkje). - Prøver å låne høgtalarutstyr på ungdomsskulen. - Supplere løypemerkeskilt +20 stk. - Skaffe klasselister frå Øystese barneskule. <p>b) Open hall – frå kl. 1200 til kl.1430</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kvam klatreklubb har ikkje svara på vår førespurnad. Følgje opp mot klatreklubben. - Oppmøte for tilrigging kl. 11:00 <p>c) Kafédrift</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vekslepengar er på plass. - Kirsti Opsanger frå ØIL-fotball driftar kafé m/ støtte frå J13. <p>d) Purring av uteståande støtte lova av Kvam idrettsråd</p> <p>Støtte knytt til to tidlegare open hall – arrangement manglar innbetaling frå Kvam idrettsråd. Har purra to gonger tidlegare. Må følgjast opp med purrebrev til idrettsrådet med kopi til Kvam herad og ØIL - representant i idrettsrådet.</p>	OK	<p>Jan Tore/ Øystein</p> <p>Jan Tore Øystein Rune V. Per</p> <p>Rune V.</p> <p>Rune V./Leiv/ Lillian</p> <p>Trude Per</p> <p>Rune V./ Trude</p>

.2	<p><u>Krav knytt til Telenor-fasttelefon/breibånd på Sjusete skisenter</u> Krav på for seint betalt faktura er betalt av ØIL.</p> <p>Følgjande epost er sendt Sjusete skisenter 09.09.2012 (sitat):</p> <p><i>Til Sjusete skisenter v/ leiar Einar Opsanger Frå ØIL v/ Rune Vik</i></p> <p><i>Hei</i> <i>Øystese idrettslag (ØIL) fekk i sommar eit inkassovarsel på ubetalt telefonrekning. Det viste seg at kravet gjalt teleabonnement knytt til skihytta på Sjusete skisenter. ØIL står som abonnent og har truleg gjort det sidan skihytta var ny.</i> <i>På eit tidspunkt i august vart sjølve telerekninga betalt av Sjusete skisenter. Men inkassokravet vart ikkje gjort opp. For at inkassokostnadane ikkje skulle auke ytterlegare bestemte ØIL i styremøte at kravet skulle gjerast opp og at utlegget skulle krevjast refundert frå Sjusete skisenter.</i></p> <p><i>ØIL ber Sjusete skisenter om følgjande:</i> <i>1) Refundere ØIL-utlegg på kr 1060,89 ved å betale beløpet inn på konto 5277.06.20112</i> <i>2) Endre abonnementet slik at Sjusete skisenter står som abonnent.</i> <i>3) Melde tilbake til ØIL v/ Trude Torvund når 1) og 2) er utført !!!!!</i></p> <p><i>Om du har spørsmål om kravet må ØIL v/ Trude Torvund kontaktast direkte.</i></p> <p><i>Helsing</i> <i>Rune Vik/ skrivar i ØIL</i></p> <p>Status:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ingen ting er skjedd i saka pr. 17.09.2012. - Må fylgjast opp i forhold til Sjusete skisenter. 	Trude	Rune V.
.3	<p><u>Rydding i / sannering av ØIL-materiell</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Første ryddeomgang neste styremøte torsd. 18.10.12. - Rydding i det gamle "billettrommet" i Holmatun. - Rune ordnar med bossekker. 	18/10-12	Styret
.4	<p><u>Orientering frå Hardanger Talentutvikling AS til ØIL-styret</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Orientering neste styremøte torsd. 18.10.12. - Om budsjett/finansiering, drift og aktivitet, framlegging av rekneskap, årsmøtetidspunkt, m.v. <p>Styret vil saman med sakliste for neste møte setje opp eit forslag til tidslinje som gjev tidspunkt for ferdig rekneskap og årsmøte for Hardanger Talentutvikling AS. Må avstemmast i forhold til årsmøte i ØIL.</p>	18/10-12	Styreleiar for HT AS / Roger Trude/ Rune V.
.5	<p><u>ØIL-heimeside</u></p> <p>Må få laga linkar mellom ØIL-heimesida og ØIL-fotball-heimesida, og visa versa.</p>		Sonja
5.2	Fotballgruppa		
.1	<p><u>Diskusjon - samanslåing av ØIL-fotball og Norheimsund fotball</u></p> <p>ØIL-fotball ved Roger Vassnes orienterte om at det pågår ein diskusjon om å slå saman ØIL-fotball og Norheimsund</p>	Info	

	<p>fotballklubb.</p> <p>Hovudstyret i Øystese idrettslag held seg til årsmøtevedtak 07.03.2011 i sak 6.A. der forslag om å starte ny klubb gjennom å slå saman ØIL-fotball og Norheimsund fotballklubb, vart avvist.</p> <p>ØIL ser stor verdi i å vidareføre ungdomsfotballsamarbeidet med Norheimsund, eit naudsynt samarbeid for å kunne stille robuste 11'ar-fotballag på ungdomsnivå.</p> <p>Diskusjonen om kraftsamling rundt fotballaktiviteten i Kvam er ein relevant diskusjon, men ØIL-styret synest det er feil å ta opp denne diskusjonen "anna kvart" år. Det er ein tung diskusjon som krev både vilje/motivasjon, ressursar og ikkje minst kompetanse.</p> <p>Øystese idrettslag (ØIL) er eit fleiridrettslag med ulike grupper. Rett nok skjer hovudaktiviteten innanfor fotballen, men andre grupper i laget har ut frå eit folkehelseperspektiv vel så viktige roller å spele i forhold til barn og unge. Å skilje ut fotballdelen vil heilt klart vere uheldig ut frå fleiridrettslagperspektivet til ØIL.</p> <p>Konklusjon: Hovudstyret i Øystese idrettslag kan ikkje sjå at det er grunnlag no for ein ny fotballsamanslåingsdiskusjon. Krefter må heller setjast inn på utvikling av eit mest mogeleg allsidig tilbod for våre meir enn 650 medlemmer i fleiridrettslaget.</p>		
.2	<p><u>Omorganisering av ØIL – fotball</u></p> <p>Styret i fotballen jobbar med omorganisering av fotballgruppa. Orientering vil kome + ekstraordinært årsmøte for ØIL-fotball.</p>	info	Styret
5.3	Friidrett/trimgruppa		
5.4	HC-gruppa		
5.5	Symjegruppa		
5.6	Hoppgruppa		
5.8	Økonomi		
5.9	Eventuelt		
.1	<p>Hoppegrop har fått påfyll av grus. Feil!!!- skal vere sand.</p> <p>Tidlegare styresaker under oppfølging</p>		Leiv
2.9.	<p><u>Rydding i og sanning av ØIL-historikk/arkivmateriale</u></p> <p>Protokollar m.v. står på ein pall på Fruktlageret. Sjekk med Kvam herad om innlevering av historisk materiale.</p>	Info	Styret
4.4	<p><u>Torefjellstrimmen – i ny drakt ?</u></p> <p>Det vert ikkje Torfjells"trim"arangement i ØIL-regi i haust. Må sjå på evt. nytt konsept og nye samarbeidspartnarar. Kvam turlag kanskje ? Uansett må eit arrangement avstemmast i forhold til tidspunkt for andre lokale arrangement.</p>		Styret/ Rune V.